

Ferdaminne etter A.O. Vinje

Om nasjonale dyr

For Upplysning vil Dølen virka, alt det, han kan

I Nasjonalgalleriet heng eit måleri av Vinje som gjetargut. Christian Skredsvigs målarstykk frå 1887 har drag både frå nasjonalromantikk og naturalisme, og om ein vil kan ein lesa nokre tvisynte spor etter Vinje inn i scenen, som dominerast av to solide nasjonalromantiske kyr plassert frontalt i midten av komposisjonen.

Til høgre i nedste biletkant står ei grå geit stilt opp litt på tvers av biletkonvensjonane. Dyret er alt halvvegs ute av ramma, geita vender i alle fall nyfiskt hovudet ut av biletet, som på tankesprang ut av komposisjonen. Kanskje er det anslaget til eit bukkeritt ut over grensene for det etablerte rammeverket, eit sprang både inn i – og ut av - norsk offentlegheit og den kanoniserte litteraturhistoria, bortsett frå ei tynn retorisk line frå Holberg over Vinje og fram til ein nynorsk essaytradisjon spalta i to: det filosofiske (Skjervheim, Hellesnes og andre) og ein meir vestnorsk-burlesk, informal og narrativ variant.

Geita er favorittdyret til Vinje og difor eit postromantisk dyr. Berre nokre månader før reisa til Trondheim i 1860 skreiv Vinje ein apologi for geita¹. Frå norsk husdyrhald og zoologi flyttar me oss på fenomenologisk vis umerkjeleg over til Vinjes skriveprogram. Geita er sjølv sagt «eit nasjonalt dyr». I følge Vinje er geita det mest «næringsdrivande» husdyret som finst, eit «industrielt dyr» som dessutan er landets første «Vegmeistare». Geita kjem fram til stader der andre ikkje finn vegen - framyvir «romantiske» Berg og Bakkehall ned stort utsyn yvir Fjell og Dal.

Geitas største dygd er ifølgje Vinje det «æstetiske, poetiske og romantiske». Geita har både «Alvor og Skjemt» i leiken, kan gjera Hallingkast og tverrvende, og kjem seg opp i fjellveggar der berre «fjukande Fuglen» kan koma til. Der kan geita stå framfor avgrunnen og stira liksom ho skulle vera på Theateret.

Degraderinga av menneske til dyr² er som me veit eitt av Vinjes fremste karnevalistiske grep. Sau, gris og ku dominerer, men me kan til og med læra noko av «Snigilen og Krabben»³. Ein professor kan både vera «Apekatt», «Gjeldnaut» og «Gris». Grisen er til dømes ein stor «Luft-

1 Dølen 8. april 1860, Djupedal s. 114

2 I geitetilfellet er det rett nok snarare ei oppgradering...

3 «Paa Fesjaa», Blandkorn 1867

kjennare», altså ein meteorolog og filosof. Ein predikant derimot, er snarare sau enn hyrde, medan smågnagande litteraturkritikarar naturleg nok liknar «lemen».

Vinje sjølv er geita som finn fram til andre stader enn 100 000 litteraturkritiske lemen som ikkje tek feil. Såleis vert geita biletet på ein retorisk praksis der skrivaren finn topos på stader der berre «fjukande Fuglen» og vandrande fritenkjarar har oversyn. Vinjes inventio-oppskrift er ein apologi for eigen skrivepraksis. Han tråkkar på strekane i paradiset⁴ og angrip dikotomiane i dei store opne bakromma i tankelivet.

For det er i mellomromma mellom dei utspente motsetnadene Vinje skapa rom for sin eigen diskurs. I høve til samtidstenkinga⁵ var Vinjes litterære prosjekt å bryta ned dikotomiane. Mangfaldet i det norske kulturlandskapet gir han høve til å røra seg på tvers av argumentativ doksa, tid og rom. Denne auka mobiliteten i tanken ryddar plass for uro, dekkategorisering, tvisyn, latter, satire og mangt anna til gapskrattande gaman og hugrstande ettertanke.

Til slik dekonstruksjon trengst både karnevalsмасke og eit arsenal av ammunisjon frå mineral-, plante- og dyreriket. Dei norske husdyra er eit veileigna menasjeri – eit forråd av materiale til både lått og alvor, opplysning og polemikk, for dei oppheld seg i norske tablå der hovudskiljet ikkje går mellom by og land, men mellom «Villmannskap» og «Forbetningsarbeid». Å lesa dyr og litterære beiteplassar krev difor både refleksjon og tvisyn. Å studera «Nautenaturen» er å læra om eigen natur, hevdar Vinje:

«Du er eit Naut», segjer Folk, og det verdt kalla eit Skjellsord. No ja, Kyre hev vel sine Grillor er ikke altid so klok, mem jamen veit ho meir en mata seg, den Megga. Der er ellers både gode og daarlege Hovud blant Naut liksom blant Folk, og underleg nok, det bedste Hovud mjolka mindst. (op.cit)

I Vinjes fauna finst både drøvtyggande lærde og tenkjande grisar. Grisen opptre i to roller, som to sider av same sak, altså den lærde og tørre embetsmannskulturen og den nasjonale griseskapan som heng att i nasjonalromantisk villmannstenking. Her ligg ansatsen til eit dobbelt «Dubbelsyn», det som seinare er kalla tvisyn:

(...) Grisen er ein forunderleg Kar. «Der er ikkje godt i honom før han kjem paa Fatet», er det sagt. (...) Grisen er vel vrong, og det står ein Surgust av honom. Men han er ein stor Logikar, og han kjem til sine Slutningar medubøygjande Samanheng. Han likjest med dette Engelskmannen og alle trongtenkte eller bornerte Folk. Min Omgang i Ungdommen med grisen kom meg til største Nytt, då eg skulle studera Tysk Philosphi. Det varden same blinde Samanheng i Slutningsrekkja utan Syn for aandfulde Invendingar i Oversetningen» (...) (op.cit)

4 Norgeskartet liknar jo også eit paradiset ...

5 Lange fotnotar er ein uting, men samstundes ei hedonistisk freisting med stor lokkekompetanse. Såleis kan ein leika litt med å forfølga dette implisitte resonnementet vidare inn i både notisjournalistikk og delar av vitenskapleg praksis. Det ekstreme er av to slags. Den eine er den velkjende skakande fundamentalismen som finst i polane i ein dikotomi. Men det er ikkje berre tøffe livssynbersekar som finn seg til rette i det einsynte. I mange høve er det makeleg å grisevelta seg ein slik dumskapsposisjon. Det er komfortabelt og trygt å opphalda seg på stader der ein kan vera for eller imot utan at ein treng arbeida så mykje med å forklara posisjonen, sidan dei ein vender seg til, anten er vener eller fiendar. I norsk offentleg debatt er difor det mest ekstreme ein kan gjera, å bryta med dikotomiane, anten ved å laga ein alternativ figur eller plassera seg fjukande og tvisynt i ein annan posisjon i høve til diskursen, altså ironisk i eigentleg forstand. Den offentlege debatt er helst lineær, og brotet er difor ikkje nokon «gylden middelveg», men ein annan topografisk posisjon der ein kan vera sikker på å verta marginalisert til sjuande og sist. Såleis er det ein trøyst at det i alle fall finst breiband i den digitale verda. Me ventar på at slike prinsipp også vert innført i kulturlivet. I mellomtida får henologar, urbanistar, nasjonalistar, sosialantropologar og norsksdomsfolk halda fram med hegemoniet, medan me andre grev om fiketrei og ventar på at Vinje skal koma heim att frå antikken. Men mest trøyst ligg kanskje i at banda er endå breiare i naturen.

Om Vinjes fotefar i skrift

Ferdaminni frå sumaren 1860 er ei bok om ei reise med eit geografisk mål, Trondheim og kroninga av Karl 15. til konge i Noreg, men som mykje anna reiselitteratur, utan noko eigentleg føremål. Reiseskildringar finst i mange variantar og alle kvalitetar til alle tider, frå Odyssevs til Carsten Jensen, for å ta eit drygt historisk og geografisk sprang⁶. Marknadsmessig er reiselitteratur no fortida ein sikker vinnar saman med ikkje-sokratiske kokebøker og nye norske romanar frå intimsfæren. Reiseskildringar er helst av to slag: anten antropologisk eller sosialantropologisk. Altså: Kven er eg eigentleg når eg får reist litt og endeleg er komen heim att (nostos), eller kven er dei Andre?

Det er freistande å kalla reiselitteraturen på 1800-talet for ei søge om transformasjon. Brev og reiselitteratur vert til romanar eller journalistikk og essays. Kommunikasjonsrevolusjonen er både fysisk og virtuell. Ferdaminni byrjar med jernbanen, men reisa går helst føre seg med gamal kommunikasjonsteknologi: Gåing.⁷ Engelskmenn vart rodd hit og dit i fjordane og klatra på geitevis i alle slags norsk fjell. Vinje fekk såleis kjennskap til både Jotunheim og engelsk av den reiseskrivande og norskgifta Blackwell før Dølen drog til London og Edinburg for å skriva *A Norseman's View of Britain and the British*, altså Bretland og Britarne i 1863. William Williams reiste i 1850-åra i fleire av områda Vinje drog gjennom i 1860. Boka til Williams kom to år før Ferdaminni, men det er lite som tyder på at Vinje las ho. Derimot las han utan tvil Heines reiseskildringar.

Forfattaren og soldaten Xavier de Maistre skildra i 1794 ei 42 dagars euforisk reise innanfor sine eigne fire husveggar.⁸ Andrés de Loberga tykte verda var for farleg på 1300-talet og gjekk i staden fire gongar rundt egedomen sin kvar dag i eitt år, noko som til saman utgjorde ei pilegrimsreise. Ari Behn gjekk einsynt⁹ over Dovre 140 år etter Vinje. Marco Polo vart slett ikkje skremt og vart borte i årevis, og sjølvaste Odyssevs kom då heim til slutt. Jules Verne overskreid samtidas grenser i tid og rom då han let Phileas Fogg reisa jorda rundt på 80 dagar.

Ferdaminni – som alle slags reiseskildringar – dreier seg om tid og rom. Dette er eit perspektiv Vinje sjølv anlegg innleiingsvis gjennom anslaget: Jernbanereisa frå Christiania til Eidsvoll. Medan Phileas Fogg overvann den animalske bundne tida ved å bruka moderne kommunikasjonsmiddel, forlet Vinje moderniteten på Eidsvoll stasjon og brukar resten av tida og skrifta til å utforska mellomromma i det norske landskapet som enno ikkje i særleg grad var underlagt eit nytt tids- og romregime og ikkje språkleggjort i litteraturen.¹⁰

Men den nye tida er på veg, og Vinje kommenterer innslaga av moderniteten både tvisynt, nyansert og burlesk. Frå den lineære reine rom- og tidsoppfatning rører han seg på grensa mellom to tider på rhizomatisk¹¹ vis, det vil seia topologisk og topografisk. Til einkvar topografisk

6 F. eks heilt fram til etterkrigstidas skreppfantar (bakpackers)

7 Me veit at Vinje stadig vart rodd over vatn og ofte skyssa med hest og vogn, men desse kommunikasjonsmåtane avföder ikkje kommentarar. Alt (sett bort frå jernbanekommentaren i innleiinga) er knytt til vandringar.

8 Asbjørn Øverraas i *Bark02*, Ark Bokhandel 2002

9 Dei som ikkje er tvisynte, er sjølv sagt einsyningar.

10 Rett nok finst det nasjonalromantisk litteratur og Bjørnsons bondeforteljingar, men det er nettopp Norgesbiletet i denne litteraturen Vinje harselerer over og skriv ein motsats til.

11 Rhizomatisk etter Nyrnes i avhandlinga frå 2002, i motsetnad til treet som metafor. «We are tired of the tree», seier kloke folk (sjå referanse i Nyrnes.) Jordbærplanta har røter av denne typen.



Vinje som gjetargut. Måleri av Christian Skredsvig 1887. Nasjonalgalleriet.

storleik svarer ein eller fleire topologiske – det vil seia både motiv, tema og argument knytt til opplevinga av landskap og folk i siste halvdel av attenhundretalet.

I dette rhizomatiske perspektivet finst grunnlag for endring av sjangrar. For det første er det eit retorisk-essayistisk perspektiv. Dinest er det tale om praktisk didaktikk¹² eller opplysning i Eilert Sundts¹³ ånd. Vinje er, som han gjentek tallause gonger – ein practisk Mand. I essayet søkjer ein praktisk-fornuftige og situasjonsbaserte sanningar, det Erling Aadland i eit tidleg essay frå 1982¹⁴ har karakterisert som essayets vesen; Fronesis.

Etter desse Store Trappur til småe Hus er det å leita etter stader i det som er skrive om mann og verk. Litteraturen om A.O. Vinje er diverre ikkje stor og omfattande, og svarar difor dårleg med den rolla Vinje har spela som skapar av eit moderne bruksnynorsk, eller som nyskapande journalist som prega offentleg debatt i Norge i nesten 20 år.

I 1850 byrja han som Kristianiakorrespondent for Drammens Tidende. Herskreiv han over 700 artiklar og reportasjar inntil han gjorde eitt av sine store geitesprang og starta si eiga avis, «Dølen», i 1858. I tekstane frå 1850-talet finn vi ei klar utvikling mot ein særeigen karnevalistisk¹⁵ retoriikk. Overgangen til nynorsk kjem som resultat av ei retorisk vending, og ikkje omvendt, slik norskdomsfolket likar å tru.

12 For Holberg, Vinjes store førebilete, handlar det om moralisering, dvs. didaktisering. Synonymet vert kommentert av Holberg sjølv i *Moralske Tanker*, 1744. Sjå Nytnes (2002).

13 Vinje kommenterer i ei seinare utgåve av *Dølen* nettopp tilhøvet til Sundt. Det Vinje er negativ til, er ikkje det sosiologiske prosjektet til Sundt, men forma: «[...] det er Stilen i Sundtestellet, som eg fører Strid mot. Eg har alltid funnet Tanken god. Eg har alltid på Fe- og Folkjesjaa i Døl og Dikt voret Sociolog. (Att vera Døl s. 157) Eller som det står i *Sociologi eller samfundslære*, juni 1966, det «drjupa ikki mykit Feitt af den». Vinje vil nok meina at all teori bør helst vera så levande og fersk at flesket brånar «som Sukker i Munden».

14 Essayet i Norge, Samlaget 1982.

15 Som Jon Haarberg har skrive utførleg om i *Vinje på vrangen*, Universitetsforlaget 1985.

Sjølv høyrer eg til dei som er seint utvikla. Om eg her og no legg meg til ei stemme som Strilen, er denne rolla knapt 20 år gamal. Det er både ei trøyst og ein plage at ein slik sett held seg ung og dum lenger enn naudsynt. Heilt til eg var midt i tjuetåra, var mitt tilhøve til Vinje øydelagt av urban gymnastikk over Ibsens Uhu i Peer Gynt. Byguten frå ein møblert Fanaheim skjøna ikkje det store ved Vinje før etter at han busette seg på landet og vart Stril, samt to leseopplevingar tidlegare på 1980-talet: Sveinung Times «Journalisering og karnevalisering hos Vinje» (Essayet i Norge, Samlaget 1982) og Jon Haarbergs Vinje på vrangen, som kom året etter.¹⁶

Sidan den gong har det visst ikkje skjedd mykje nytt på forskningsfronten. Olav Vesaas biografi er ei flott bok for ålmenta, men elles er det glissent i både underskog og sekundærlitteratur: Få har følgt opp spora Time og Haarberg trekte opp for over tjuet år sidan, og stiane er snart like attgrodd som fedrelandet no for tida.

Medan stikkordet for Haarberg er karnevalisering er det journalisering hjå Time. Vinje ville vera sociolog. Det gjev tre greie stikkord. Ferdaminni er difor ikkje først og fremst korkje reiselitteratur eller turistguide, men sosiologiske, økonomiske, kulturelle og politiske samtalar mellom høvesvis Dølen og skiftande reelle og stiliserte samtalepartnarar på vegen, inkludert den ideelle lesaren.

Difor denne teksten, korkje nyskapande eller genial, nærast berre som ei påminning om at gilde tekstar om Vinje slett ikkje er utgått på dato og framleis finst, og at dei kan gjenlesast, liksom reisa hans kan gjenreisast i 2006 og gamle tankar gjentenkast.

Ferdaminni er delt i to. Første havdelen kom i februar 1861, del to eit halvt år seinare. Til saman inneheld boka 54 stubbar eller epistlar om ein vil. Dei er ulike av natur og lengde, men alle knytt til kairos: tid, stad, situasjon. Det er i kairos etisk og politisk praksis og praktisk fornuft utspelar seg. Dette kjem til uttrykk både direkte gjennom sosiologiske betraktningar innblanda med nytt frå ymse vitskaplege nyvinningar; meteorologi og klima, fysikk, agronomi, biologi og velstandslære (økonomi), og indirekte gjennom retoriske grep som degradering og metaforisering, altså karnevalisering. Til saman utgjør dette eit prejournalistisk prosjekt som Timeset inn i Habermasianske vendingar og knytter til ein framveksande borgarleg offentlegheit på midten av 1800-talet.

I samtida var vitskapane så lite differensierte at lærde menn kunne kommentera siste nytt i naturvitskapane. Slik også med Vinje: Geo-logiske og guanokratiske utgreiingar vekslar med djupdykk i kvardagsdrøs og høge fjuketankar, matstell og tenkte samtalar med fortid og notid: alt knytt til topografi, og underlagt reiselogikken. Her kan han kryssa grenser mellom vitskapar, estetiske kategoriar og sosiale konvensjonar.¹⁷

Reiseruta er velkjend i det store, men ikkje i alle detaljar. Kva kunne han sjå på ei slik ferd, og korleis ordnar han stoffet? Sjølv sagt ikkje anna enn slik stoffet sjølv byr seg fram som emne til refleksjon. Framstillinga er såleis korkje ujamn eller utan samanheng mellom delane – men

¹⁶ Enno ein gong fekk eg Jon Haarberg å sjå

¹⁷ Det er eigentleg upassande med samtidssukk anna enn i fotnotar: Når verda i dag fell frå kvarandre i atomar og kunnskapsbits, er det kanskje minst like stor trong for overskridande sakprosa, det vere seg i journalistikken eller lærde essay, men denne nasjonale rolla er overteken av språkfattige rikssynsarar, som ikkje gjev ordet frå seg friviljug. (fotnotesukk 2)

annleis; dvs. retorisk. Vinje fór frá hovudstaden juni 1860, først med toget til Eidsvoll, sidan til fots¹⁸ nordover, etter nokre vekers opphald i Kongsvingertraktene, der han hadde mange kjenningar, og i Sverige, der broren Olaf arbeidde på Charlottenberg Bruk.

Så var det langs lange Glomma opp Østerdalen¹⁹, forbi Rondane i Atndalen, over Dovre til Kongsvoll, ned til Orkanger, der han hadde glede av endå ein teknologisk nyvinning: Eimbåten Håkon Jarl tok han frå Orkanger til Trondheim, der han oppheldt seg i fleire veker, vitja både Orkdal og Stiklestad og fekk pleie og standsmessig opphald to veker hos venen Herman Løchen på Inderøya. I september tok han så båt til Kristiansund og gjekk til Molde, over Åndalsnes og ned Gudbrandsdalen, der spora etter mannen forsvinn og skildringa ebbar ut i ein hyllest til den fiktive, vakre og drustelege drosi, kven no dette kan vera.

Men om detaljane i reisa er tapt, er den norske bygdeamatørinteresse for å finna ut kven han sov hos, kvar han velta seg vellystig i skinnfellen, kven han rødde med og kva kvilesteinar han sat på, nærast uutømmeleg. Eg har sjølv gått langs ferdslveggar både her og der, sete i og utanfor gamle bygningar der Vinje har skremt folk med sitt skakke flir, drukke vatn av kjelda der Vinje både ser Fjöll og Dalar og talar om profeten Muhammed og livsens vatn medan han rullar seg ekstatisk i mjuk mose.

Difor ikkje eit einaste vondt ord om slik rosemåla og kisteglad lokalforskning her. Reise er også gjenreise. Og om tilhøvet mellom forteljar, skivar og biografisk forfattar ikkje er tenkt til botnen i litteraturvitskapen, er amatørforskninga klår over at det her handlar om Vinje i kjøt og blod.

Heller litt om den påfallande mangelen på interesse for returen frå Trondheim. For Vinjerepsjonen er ikkje berre liten, han har alltid vore grunnleggjande skeiv. Vinje ser ut til å drukna på grunt vatn i litteraturvitskapleg periodestøy og restaurativ musikk, språkkamp og urban nyrenessanse; i 1880-åra, i 1890-åra, rundt hundreårsskiftet, i mellomkrigstida, i EU-kampane og all annan etablering av nynorsk og/eller urban identitet: Alle stader er det berre rom for bitar av Vinje, helst i ein biografisk eller psykologisk setting.

Frå omveg til beinveg: Omtalen av Ferdaminni er prega av samtidas og ettertidas behov for å halda Vinjegeita innafor biletramma. Både topologien og topografien er avgrensa. Det store landskapet forsvinn i interessa for merkesteinar og jakta etter nasjonale vardar. For liksom det er det små diktstubbane som har fanga interessa hjå litteraturfolket, er det berre ein liten stubb av reiseruta ein har interessert seg for; nemleg den korte vegen over fjellet frå Koppang i Stor-elvdal til utsynet mot Rondane, og turen over Dovre fram til Kongsvoll.

Det er sjølv sagt denne biten av reisa som lettast passar inn i biletet av Vinje som ein overgangsfigur mellom nasjonalromantikk og realisme. Ved Rondane – ikkje minst etter seinromatiseringa til Grieg – passa dette med resepsjonen av Vinje. Bortsett frå delar av Trondheimsopphaldet er resten av den lange reisa - over Kristiansund, Ålesund, Molde og Åndalsnes og ned

18 Kor mykje reelt eksisterande gåing det er tale om, er uklårt. Vinje hadde mange vener og kjenningar og fekk ofte skyss både til vanns og til lands. (Men i lufta måtte han reisa åleine i luftfukande tankefog.)

19 Legg merke til euforien i dei mange skildringar av Glomma, ei skildring som til tider påminner om taoismen. Her legg Vinje også att spor som peikar på skriveprosjektet og forfattarhaldninga: «Det er ingen som veit kvar ein hev Glauma, ho er so sløg. Soleides tala folk om Visdomen, som ikkje stangar hovudet sitt mot Steinen, men segjer med Holberg, daa ein Mann stengde Vegen for han og sagde, at han ikkje vilde vilja for ein Narr: «Ja gjenger ikkje du af Vegen, so gjerer somenn eg det» - Holberg var som Glauma han...»

gjennom Gudbrandsdalen – lite kommentert, bortsett frå ein par stader der Vinje omtalar kjende menn frå samtida, som stortingsmannen Olaf Haakenstad i Vågå.²⁰

Kanskje er det difor ein betre lesestrategi å forfølge tenkemåten enn å gjenmåla landskapsikon som Rondane eller norskdomsmarkørar som seterstell, graut på Grut eller Malene i Foldal. Å reisa er å tenkja, springa ut av eit synspunkt og inn i eit anna, finna ein annan horisont der utsynet er annleis. Å omtala noko på ein annan måte, er å forflytta språket frå eit semantisk felt til eit anna. Slike forflyttingar er grunnlaget for metaforen og kjem i sprang. Slike geitesprang gjer Vinje ustanselig i Ferdaminne. Dei kan vera i tid, rom eller nivå; altså horisontale eller vertikale, framleis, baklengs eller diagonalt. Både vertikale (lågstil og høgstil) og horisontale (t.d. sjel og kropp) gjev karnevalseffektar.

Ferda går til fots eller med tog, raskt eller seint, frå stad til stad. Tankar kjem. Å finna stadene på ei reise handlar om topografi. Å finne dei rette tenkjestadene, er topologi, retorikkens inventio, og det er ei oppgåve som passar for ei språkgeit. Vinjes skriveprosjekt følgjer den skjulte tradisjonen i europeisk kultur, den store retorikken (Nyrnes 2002). Emne og tema, form og funksjon, innhald og uttrykk følgjer av det retoriske grunnskjemaet.

I Ferdaminni framkallar det opne landskapet og utsikta mot Rondane minne. Ikkje berre personlege, men også kulturelle. Minna – eller Memoria i den retoriske tradisjonen – er ikkje berre personlege. Landskapet ein reiser gjennom, virtuelt eller reelt, i tanke og kroppsleg rørsle, er eit forråd, copia. Her minnest kulturen seg sjølv. Vinje finn alle stader spor som peikar att og fram, til sides, innover og utetter:

No seer eg atter slike Fjell og Dalar/som deim eg i min fyrste Ungdom saag/(...) Med ungdomsminne er den Tala blandad (...) forsonad koma atter gamle Tankar (...) Og kver ein stein eg som ei kjenning finner/ For slik var den, eg flaug ikring som Gut/(...) alt minner meg, det minner og det minner/til Soli ned i Snjoen sloknar ut ...

Dette minner om ei terskelerfaring (Benjamin), eit mellomrom mellom trinna i ei danningstrapp, der det vert ei opning mellom skilde tider, ei språkleg hending som både er katharsis og eit kronologisk ormehol.

Om Dubbelsyn og hovudstadsfolk...

Som Jon Haarberg peikar på, er det i kapitla frå Trondheim at Vinje lanserer omgrepet tvisyn. Dette skjer under kroninga i Trondheim, og den utløyande faktoren er tekstilar, særleg «trikanta hattar» og annan høgstilistisk patos utan tvisynt latter.

Skildringa av sjølv kroninga i Trondheim har eitt kjenneteikn framfor andre: Ho er borte. Det er alt omkring kroninga som interesserer Vinje, både i temporal og topologisk forstand. Og meir enn noko anna: det er sjølv synsmåten som er det eigentlege temaet. Ansatsar til «dubbelsyn» er nemnd og så tidlegare i forfattarskapen, i Ferdaminni alt i anslaget.

Diktet som innleier heile Ferdaminni dreier seg om urbaniteten som han no forlet. Det liknar

20 Medan det i mange kommunar langs Glomma i Østerdalen er stas å minnast at Vinje var på gjennomreis, er det knapt nokon lokalhistorisk interesse for mannen korkje i Kristiansund, Molde, Åndalsnes eller langs Rauma ...

eit dikt om sentrum og periferi, men er ikkje det. Det ikkje vestlandsk og austlandsk eller embetsmannskulturens dansk og bøndenes norsk. somerhovudmotsetnaden: Farvel hovudstaden/i deg var det best/der fann eg dei beste/der lærde eg mest. Men om klokskap og vit er samla i hovudstaden, er det også noko innestengd og sterilt ved den urbane kulturen: Men ufrisk i varmen/eg alltid deg fann. Du er likom tanken/du elder din Mann.

Det er eit dobbelsyn av hovudstadskulturen, også skild typografisk gjennom to strofer. Og frå desse to premissane i strofe 1 og 2 trekkjer han konklusjonen, forklåringa på den avgjerda som han nokre veker tidlegare hadde meddelt abonnentane. Dølen stryk til fjells og avisa tar pause. Til gjengjeld lovar han dei trufaste lesarane ei bok til erstatning: den første norske nynorske bok, og også Vinjes første bok. Ferdaminni frå sumaren 1860.

Tvisynet er origo i Vinjeuniverset. For Vinje gjekk ikkje hovudskiljet mellom by og land eller bonde og borgar, men mellom nasjonalromantisk villmannskap eller urbant jåleri på den eine sida og kultur og modernisering på hi. I heile Trøndelagsbolken i Ferdaminni er det nasjonale villskap eller griseskap eit gjennomgåande motiv. Vinje fører samtalar med norrøne skaldar og valdelege kongar og høvdingar såvel som småfolket på gardane.

Vinje er nok både før og etter, men mest på sidene av den slagne landevegen, altså i topografisk forstand ein annan stad i det litterære landskapet. Vinje er opplysningsmann, klassisk i retorisk forstand, modernist og føregangsmann i journalistisk og språkleg forstand og litterær romantikar i delar av lyrikken. Men mest av alt er han didaktikar; som Holberg, hans store førebilete.²¹

Evna til tvisyn er ikkje alle gitt. Dei som har det, er hovudstadsfolk – ein kategori som hos Vinje ikkje på nokon måte er sjølv sagt. Her hentar han inn att nokre av dei perspektiva vi finn i byrjinga av boka: Hovudstadsfolk er nemleg ikkje lik andre byfolk. Ser vi nærare på kven dei er, viser det seg overraskande nok at det dreier seg om menneske som ikkje nødvendigvis kjem frå Kristianana....

Skulle eg gjeva nokon Skilmark millom os fraa Hovudstaden og dei andre byfolk, så maatte de største vera det, at me lettare sjaa kver Ting liksom med ei Dubbelsyn: me sjaa med eit Augnekast liksom Retta og Vrangen på Livsens Vev, soleides at me lettare kunna liksom graata med det eine Augat og læ med det andre. Det er ogsaa denne Dubbelsyn som mange af vaare betre Fjellfolk hava so merkjeleg av Naturen. Det er ogsaa denne dubbelsyn, som gjenger igjennom Holbergs og Wessels beste Skrifter ...

Hovedstadsfolk er ikkje folk som bur i Kristiania, men nokre av dei som bur der har det, liksom fjellfolk på viddene der utsyn, sidesyn og vidsyn er størst. Det er tenkemåten som skil hovudstadsfolk frå attergangsmenn og einsyningar. Difor er Shakespeare og Holberg dei fremste hovudstadsfolka og difor også dei største nordmenn som har levd.

21 «Moralisering» i Holbergs Moralske Tanker er ikkje ein etisk kategori, men ein didaktisk, noko Holberg sjølv gjer merksam på: Han vil moralisere, dvs. «Didactisere». Dette er altså eit retorisk opplysningsprosjekt.

Om grenser ...

Å reisa er å kryssa grenser. Men grenseerfaringane for Vinje er ikkje berre geografiske, og avstikkaren til Charlottenberg er ikkje den mest overskridande, sjølv om han brukar erfaringar herifrå til å drøfta tilhøvet mellom Noreg og Sverige, eit tema som kjem att i fleire variantar seinare. Skiftet i målform i 1858 aktiviserer andre grenser: svenskegrensa, høg og låg, kropp og ånd, dansk og nynorsk, embetsmenn og bønder, lågstil og høgstil, folkeleg og lærd, by og land (hovudstadsfolk). Tvisynet er eit grensesnitt. Språkforma er ei av fleire grensekrenkingar frå Vinje si side.

Dermed rotar han med Fjellstaven i den norske maurtua. Det språklege grensesnittet, snittet mellom høgt og lågt vert saman med sjangerforstyrningar og andre språklege og stilistiske grep til eit trugande åtak på det sjølvsahte i alle kategoriar og hierarki, både dei moralske og litterære, oppløyst og dekonstruert gjennom karnevalisering og degradering av det høge og tilsvarande oppgradering av det låge.

Ferdaminni vart naturleg nok mest ikkje omtalt i hovudstadspressa, og då støtta frå det kulturelle miljøet i Østerdalen fall bort etter trelastkrisa i 1860-åra, stod Vinje att utan særlege økonomiske midlar, nesten marginalisert i kulturlivet. Han får reisestipend til England og drøyer om å reisa til Amerika, men så er det stopp.²²

Reiseruta er, som store delar av innhaldet, prega av praktisk fornuft. I krinsen rundt Vinje i hovudstaden var det mange søner av embetsmenn og storbønder, ikkje minst i Østerdalen. Mange av dei hadde tilknytning til skogbruk; skogbruket var stort her også, og Vinje kjende fleire av sønene til storkarar som budde her. Dette var truleg utgangspunktet for planlegginga hans. Sidan Vinje knytte seg så sterkt til desse skogbruksmiljøa og leiande slekter, er det freistande å sjå nedgangen midt på 1860-talet i samband med at støtta frå mentorane fall bort. Jonas Lie og heile Kongsvingermiljøet gjekkdundrandekonkurs, detsame galdtetterkvart også Bredesen og mange andre av Vinjes kjenningar i Østerdalen.²³

Grensekrenkingar gjer ein ikkje ustraffa, korkje i målform eller stil. Kroppen er ein måte å forstå det større rommet på, men eliten rynka på nasen. Dyriske innslag, leik med det låge og høge, likeins kroppslege intimitetar og erotisk dampande naturskildringar fall ikkje i den gode smaken. Tiss og bæsjer er unnværlige element i degraderande språklikeik, såvel i gamal europeisk tradisjon som i treåringane sin unge språklege humor. Her låner Vinje frå Holberg og Montaigne, (...) der er noget i vejen med fordøjelsen, hvis man giver Maden fra sig, som man indtog den. Vinje tilføyer samanstillinga ein dose akademisk patos: Han talar både om Magamelting (fordøyelse) og dårleg fungerande lukkemusklar. Mange andre Holberg-lån finst også, ikkje minst i formuleringar om Sein og Schein, skuggen og legemet.

Men det er ikkje noko ekstremt ved Vinjes vandring i desse breie grenseगतene, tvert imot.

22 Om Vinje var bitter og sår nokon gong, var det dei ti siste åra i livet, men til gjengjeld nytta han desse til å utforska fjellheimen; Jotunfjella. Så kjem Tragos: Han gifter han seg, får ein son med Rosa, som dør i barselseng. Vinje sjølv blir sjuk, skriv seg ut frå sjukehuset i 1871 og reiser til fjells, men før han kjem dit, dør han på enkjesetet Sjo på Gran i Hadeland.

23 Stabbesteinforskinga er nyttig her: I denne litteraturen er omtala ei rad av kjenningar Vinje vitja denne sommaren. I ein artikkel i Årbok for Glåmdalen nemnast til dømes desse storkarane: Stortingsmann Jacob Dieseth på Akselstu, Halvor Botolfesen Trønnes i på Nystu-Trønnes, John Collett Bredesen på Odals Verk, Johan Eberhard Colbjørnsen i Grue, Oluf Bjørnstad i Åmot.

Vinje tek avstand frå rå villmannskap og vil ha foredla natur. Alt folkeleg og nasjonalt må temjast og forfinast. Ironien ligg i resepsjonen. Vinje vert sjølv oppfatta som rå, medan det snarare er Hegels dialektikk som tytt ut «millom Sidebeini» på same vis som «norskdomen» til Welhaven. For den eigentlege praktiske kunnskapen finn ein på eit høgare nivå etter at rotveltarane og attergangsmenna har presentert tesane sine: Her er ein av mange Vinjeapologiar for eigen skrivepraksis:

«Og so koma daa dei Millomvegsfarande, dei sokallade practiske Folk midt imillom og taka nokot af dei fremste og nokot af dei attaste og laga av dette Suppa si, som smakar Somangt, fordi det er ei slik høveleg Blanding av reint og Ureint, Sandt og Falskt. Som Magen toler det, på den store ærede Skapnaden, som kallast Publikum) («Til Lesaren», 9.12-1860. Att vera Dø s.129)

I Vinjes praktiske politikk er det liksom i Hegels univers tre slags folk:

Morgonmenn, Middagsmenn og Kveldsmenn (...) All framgang i Litteratur som Politikk verdt utgjord af desse tri Slags folk. Framstiget er liksom Dampmaskina²⁴, dei Practiske Menn eller Middelvegsfarerne er liksom Styres-folket, og Atterholdsmennerne eller dei Reactionære er Vatnet, som held imot farten og alt, som dreg tilbake. («Om vaart nationale Strev», 1869)

Vinje trur nemleg på framsteget, og den nye tida er ingen stader meir euforisk skildra enn i den vidgjetne opninga, som eg her på karnevalistisk vis snur opp ned og gjer til avslutning:

Eg finner det som eit Dikt at fara saa fort og sjaa Tre og Steinar og Tuvar og alt, som i Veggen kann koma, at syna seg fram i ein Augneblink og atter renna fraa os som skræmde Fuglar, og so høyra Eimvogni frøsa som ein annan Hest og faa Mat og Drykk af Kol og Vatn.

(...)» Det er ein livsens Aand i Hjulom», som Profeten talar om. Det er Mannartanken, som her på Skaparvis hever blaasit Liv i Nosi på Jordklumpen, og gjort Kol og Vatn og Eld og Malm til Tenaren sin; derfor skriker og frøser i Fugleflog denne tenaren under Svipuslaget af vaar Aand (...)

Moderniteten byrjar med jernbanelogikk. Reiseveg og transportmiddel fusjonerer til ein framstegsmaskin. Veggen vert avnaturalisert og nesten ideell; slett, hard, jamn og rettlina. Jernbanen er ein historisk roman om ånda for vår tid, om transformasjonen av natur, menneske og varer. Jernbanen opnar blikket for landskapet i eit anna perspektiv og fristiller menneska frå tradisjonelle grenser i tid og rom. Telegrafnettet vart utbygd saman med jernbanen og grunnla den immaterielle kommunikasjonsrevolusjonen. Toget vart den berande metaforen for all modernisering.²⁵

Profetens «Aand» er urkreftene i universet, som Stephenson og dei andre ingeniørheltane frå 1800-talet sleppte laus og overførte til hjula. Jernbanen opna nye rom. Avstanden mellom start og mål vart redusert, men distansen til landskapets her og no auka. Sosiokulturell tid vart erstatta med mekanisk tid, og opninga markerer ei avslutning på ein epoke, villmannstida og den nasjonale griseskapen. Difor bør alle tvisynte gjera jernbanen til sitt kommunikasjonsmiddel. Men ein apologi for jarnvegen får koma ved eit anna høve.

24 Blindhuga Rotveltatar, som Vinje kunne ha sagt.

25 Også i dag. I pedagogikken er ein læringsplattform såleis det som står att når toget er gått.